

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/8326-49

### **Fylkestinget sitt årlege møte med Sogn og Fjordane Energi AS**

#### **Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget tek orienteringa frå Sogn og Fjordane Energi AS til vitande.

---

### **SAKSFRAMSTILLING**

---

Fylkesrådmannen viser til Eigarmelding 2018 punkt 2.6.2 om eigardialog, der det er lagt opp til at fylkestinget skal ha årlege møte med Sogn og Fjordane Energi AS (SFE).

Fylkesordføraren – som er fylkeskommunen sin eigarrepresentant til selskapet – vil innleie møtet. Deretter vil leiinga i SFE orientere om hovudtrekka i årsmeldinga og årsrekneskapen, og om eventuelle andre aktuelle saker. Det vert også høve til spørsmål og generell drøfting.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget tek orienteringa frå SFE til vitande.